



Statens vegvesen

Granvin herad
Postboks 13
5733 GRANVIN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:
2012/014593-006

Dykkar referanse:
12/49-25

Vår dato:
27.10.2014

Statens vegvesen sine merknadar til offentlig ettersyn - revidering av kommuneplanen sin arealdel 2014 i Granvin herad

Viser til plandokument for kommuneplanen sin arealdel.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Me ser av plandokumenta at det ligg mykje godt arbeid bak framlegg til plan, men me har likevel nokre merknadar:

- Generelt vil Statens vegvesen minna om at tiltak som ligg inne i kommuneplanen ikkje automatisk har løyve til tilkomst ut på riks- og fylkesveg. Heller ikkje nærleiken til veg er godkjent gjennom kommuneplanen sin arealdel.
- Statens vegvesen saknar betre heilskap mellom sjølve målsettinga med planarbeidet og det som i realiteten kjem fram når ein går gjennom dokumenta. T.d står det i planskildringa sitt kap 1 at arealdelen av kommuneplanen vert tatt opp til revisjon med tanke på at det er trong for nye bustadareal. Gjeldande arealdel er stort sett dekkande for andre interesseområde.

Dersom dette er reelt så meiner Statens vegvesen at det er alt for mykje tekst og illustrasjonar som bør ut av den tekstlege delen. Dersom målet med planarbeidet går ut over det å leggja til rette for bustadareal så bør sjølve målsettinga utdjupast.

Uansett om målsettinga vert utdjupa så vil Statens vegvesen tilrå at det vert teke ein gjennomgang for å trekke opp ein grensegang mellom kva som faktisk høyrer med i planskildringa, og kva som berre bør vera med i eit saksframlegg til politisk handsaming av plansaka.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

- Både i saksframstillinga og vidare i plandokumenta så saknar me at her også er nemnt Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging av 26/9-14. Dette er m.a viktig med tanke på planlegging av bustadareal.
- Statens vegvesen ser at trafikktryggleik er eit tema som skal vurderast i KU/ROS. Statens vegvesen sit inne med mykje kunnskap og informasjon om både fylkesvegane og riksvegen som går gjennom dykkar kommune. Me ber om at de tek med ein representant frå Statens vegvesen når det skal vurderast konsekvensar av vegane og av tiltak som ligg nært knytt til desse vegane.

Gjeldande TS-plan for Granvin herad 2002-2015 er etter vårt syn utdatert og bør reviderast. Dette gjeld særleg handlingsprogrammet til TS-planen. I Statens vegvesen sitt arbeid er dei kommunale TS-planane eit viktig dokument som me legg til grunn ved våre prioriteringar når det gjeld trafikktryggleik.

- For område B9 og B13 er det vanskeleg tilkomst til Fv 7. I tillegg kan det vera utfordringar med omsyn til støy, då spesielt område B13. Statens vegvesen meiner at dette bustadarealet bør takast ut av planen då det er usikkert om det vil lata seg gjera å finna tilfredsstillande tilkomst til Fv 7 og området er såpass utsett for støy som det er.
- I føresegnene er m.a byggegrense mot sjø og vassdrag nemnt. Statens vegvesen ber om at også byggegrense langs riks- og fylkesvegar vert teke med i føresegnene, og at et nytt punkt under 1.1.1 vert innarbeidd: Byggegrense langs riks- og fylkesveg er 50 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing


for Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef


Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland